

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/8545-1

Endringar i budsjettet for 2017

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2017

- 1 Rammetilskotet vert auka med 32,390 mill. kr.
- 2 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 2,996 mill. kr.
- 3 Rente- og avdragsinntekter vert auka med samla 0,415 mill. kr.
- 4 Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:

Renteinntekter	29,540 mill. kr
Renteutgifter	50,500 mill. kr
Avdrag	123,536 mill. kr
- 5 Teneste 4005 Til disposisjon for utvala vert redusert med 0,500 mill. kr.
- 6 Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 21,483 mill. kr.
Sektorbudsjetta vert auka med 15,668 mill. kr.
- 7 Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 0,700 mill. kr.
- 8 Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter vert redusert med 1,000 mill. kr.
- 9 Sektorbudsjettet til opplæring vert endra slik:
 - Teneste 5210 Utdanningsprogramma, utstyrsøyvingane til skulane, vert redusert med 1,940 mill. kr.*
 - Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr*
 - Teneste 5202 Gjestelevar vert auka med 1,100 mill. kr*
 - Teneste 5210 Utdanningsprogramma, avsett buffer, vert redusert med 6,700 mill. kr.*
 - Teneste 5701 Tilskot til lærebedrifter vert auka med 11,000 mill. kr.*
- 10 Samla vert avsetjing til disposisjonsfond auka med 29,625 mill. kr.
- 11 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved ei avsetjing til bufferfondet på 7,239 mill. kr.
- 12 Fylkestinget omdisponerer tidlegare avsette fondsmidlar på samla 10,386 mill. kr til bufferfondet, balansekonto 25699905. Avsetjingane fordelar seg med 7,944 mill. kr på disposisjonsfond og 2,442 mill. kr på bundne fond, jf. tabell i saksutgreiinga.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2017

- 1 Investeringsprogrammet for bygg vert auka med samla 3,481 mill. kr til 311,276 mill. kr, med følgjande endringar i finansieringsplanen:
 - Driftsmidlar til investering vert auka med 2,996 mill. kr til 5,544 mill. kr
 - Kompensasjons for meirverdiavgift vert auka med 0,485 mill. kr til 26,046 mill. kr.
- 2 Inntekter frå sal av anleggsmidlar vert auka med 6,850 mill. kr. Inntektene, med fråtrekk for eventuelle salskostnader, vert tilført kapitalfondet.

- 3 Utbytte vert auka med 155,000 mill. kr. Avsetjing til ubunde investeringsfond vert auka tilsvarande.

Vedlegg:

1. Tildeling av skjønstilskot etter flaum
2. Søknad frå Vestlandsforsking
3. Fordeling av lønsoppgjera i 2017

SAKSFRAMSTILLING

1. Driftsbudsjettet

1.1 Fylkesskatt og statlege overføringar

Rammetilskot

Kompensasjon for feil i berekning av innbyggjartilskot for 2017

Det er i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), datert 26.10.2017, opplyst at vi vil få ekstra skjønstilskot i 2017 på 4,965 mill. kr som kompensasjon for feil i berekning av innbyggjartilskotet for 2017.

Kompensasjon for skadar etter flaum

KMD har handsama søknaden vår om kompensasjon etter flaumen i Utvik 24.juli i år, og kompenserer fylkeskommunen med 50 % av kostnadane etter flaumskadane. Fylkeskommunen er difor tildelt eit skjønstilskot på 27,425 mill. kr, jf. vedlegg 1. Det er ikkje behov for dei tildelte skjønsmidlane i 2017, men det er venta at om lag 35 mill. kr av kostnadane med flaumen kjem i 2018. Fylkesrådmannen tilrår difor at skjønsmidlane vert avsett på disposisjonsfond til bruk i 2018. Som ein konsekvens av dette vert teneste 7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehald auka med 27,425 mill. kr i 2018, med ein tilsvarande bruk av disposisjonsfond.

Samla auke i rammetilskotet vert 32,390 mill. kr

1.2 Driftsmidlar til investering

Driftsmidlar overført til investering vert auka med 2,996 mill. kr, jf. omtale under pkt. 2.1

1.3 Fylkeskommunalt utlån

Fylkeskommunen har eit utlån til Lutelandet Utvikling AS. Selskapet skal i samsvar med betalingsplan betale renter og avdrag på samla 0,415 mill. kr i 2017. Det er ikkje budsjettert med denne inntekta og fylkesrådmannen tilrår difor at vi aukar rente- og avdragsinntekter på utlån med høvesvis 0,012 mill. kr og 0,403 mill. kr.

1.4 Kapitalinntekter- og utgifter

Fylkesrådmannen har fullmakt til å sjå eventuelle endringar i renteføresetnadane, for både kapitalinntektene og -utgiftene, mot avsettinga til gjeldssanering det enkelte budsjettår. Gjennom budsjettåret har fylkesrådmannen justert renteutgiftene ned og renteinntektene opp. Justeringa skuldast betre rentevilkår og ein høgare snittlikviditet enn førespegla. Desse endringane er justert mot avdrag.

Fylkesrådmannen vil no fastsetje det endelege nivået på kapitalinntektene- og utgiftene for 2017. Endeleg nivå på budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:

Renteinntekter:	29,540 mill. kr
Renteutgifter:	50,500 mill. kr
Avdrag:	123,536 mill. kr

1.5 Politisk styring, plan og forvaltning

Teneste 4005 Til disposisjon for utvala

Vestlandsforsking (VF) har søkt om støtte (1,5 mill. kr) til etablering av eit nasjonalt kunnskaps-senter for klimatilpassing i Sogn og Fjordane. Jf. vedlegg 2. Fylkesutvalet stilte seg 31.10.17 (sak 106/17) positive til å bidra med 0,5 mill. kr, finansiert over «FU til disposisjon». Ein etter-følgjande dialog med VF viser at nemnde beløp (0,5 mill. kr) neppe vert utbetalt i år, men det kan bli utbetaling i 2018. Fylkesrådmannen tilrår ut frå dette at tenesta vert redusert med 0,5 mill. kr i 2017, med ei tilsvarande avsetjing til disposisjonsfond. Som ein konsekvens av dette vert teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. ansvarsområde auka med 0,5 mill. kr i 2018, med ein tilsvarande bruk av disposisjonsfond. Dersom det blir aktuelt med utbetaling i 2018, må fylkesutvalet gjere ei fornya godkjenning.

Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst

Lønsoppgjera for 2017 er avslutta. Det er kompensert etter sentrale tillegg i kapittel 4 og lokale forhandlingar/tillegg i kapittel 3, 4 og 5. Kompensasjonen utgjer samla 15,668 mill. kr, og er fordelt på sektorane i samsvar med vedlegg 3.

Ramma for årets lønsoppgjer er lægre enn føreset i budsjettet. Det forklarar at avsette midlar er på eit noko høgare nivå enn den samla kompensasjonen. Fylkesrådmannen tilrår å redusere tenesta tilsvarande mindreforbruket på 5,815 mill. kr i 2017.

Teneste 4200 Administrasjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt ansvaret for sekretariatet til Vestlandsrådet i 2017, og får refundert netto 0,700 mill. kr som kompensasjon for dette arbeidet.

Fylkesrådmannen har utført sekretariatsarbeidet utan ekstra administrative ressursar, og refusjonen er såleis ikkje nytta i 2017. Fylkesrådmannen vil tilrå å avsette dette beløpet no i 2017 til bruk i 2018 då budsjettet på tenesta kan vere noko knapt. Fylkesrådmannen tilrår difor at tenesta vert redusert med 0,700 mill. kr med ein tilsvarande avsetjing til disposisjonsfond. Som ein konsekvens av dette vert tenesta auka med 0,700 mill. kr i 2018, med ein tilsvarande bruk av disposisjonsfond.

Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter

I budsjettet for 2017 er det løyvd 5 mill. kr til ekstern bistand i samband med SFE-prosessen. Pr. 31.oktober er det brukt om lag 3,7 mill. kr av løyvinga og prognosen viser at det vil bli brukt ytterlegare 0,5 mill. kr i 2017. I tillegg viser prognosen eit mindreforbruk knytt til den «ordinære» løyvinga i 2017.

Då det er venta at det kjem ein del kostnader i samband med SFE-prosessen også i 2018, tilrår fylkesrådmannen at det førespegla mindreforbruket på tenesta vert avsett til bruk i 2018. Tenesta vert difor redusert med 1 mill. kr, med ein tilsvarande avsetjing til disposisjonsfond. Som ein konsekvens av dette vert tenesta auka med 1 mill. kr i 2018, med ein tilsvarande bruk av disposisjonsfond.

1.6 Opplæring

Utstyrsmidlar på skulane

I tertialrapport 1/17 blei det gjort ei deling mellom utstyrsmidlane til skulane i drifts- og investeringsbudsjettet. Det viser seg no at det er behov for å justere denne fordelinga. Fylkesrådmannen tilrår difor å redusere teneste 5210 Utdanningsprogramma med 1,940 mill. kr, med tilsvarande auke i driftsmidlar til investering.

Auka behov knytt til anslagsløyvingar på opplæringssektoren

Fylkesrådmannen har tidlegare varsla at det har vore uvisse knytt til prognosane til anslagsløyvingane. I 2017 har dette særskild vore knytt til innføringa av fritt skuleval og tilskot til lærebedrifter. Fylkesrådmannen har no gjort ei vurdering av budsjettet til opplæring i høve oppdaterte prognosar.

Innføring av ordning med friare skuleval medfører auka kostnader utover budsjettetert nivå i 2017, og fylkesrådmannen tilrår difor at teneste 5202 Gjesteelevar vert auka med 1,1 mill. kr.

Vidare syner prognosen for tilskot til lærebedrifter auka behov på om lag 11 mill. kr i høve budsjettet for 2017. Dette skuldast ein auke i tal lærekontraktar (tal tilskotsmånader). Fylkesrådmannen tilrår at teneste 5701 Tilskot til lærebedrifter vert auka med 11 mill. kr. Eventuelle konsekvensar for 2018 vil fylkesrådmannen kome attende til i 2018.

Det auka løyvingssbehovet vert sett i samanheng med avsett buffer til anslagsløyvingar på sektoren. Fylkesrådmannen legg opp til at den avsette bufferen vert nytta fullt ut til å dekke meirbehovet på anslagsløyvingane. Bufferløyvinga vert difor redusert med 6,7 mill. kr.

Det er vidare gjort ei vurdering av den samla ufordelte løyvinga til skulane, og fylkesrådmannen tilrår at teneste 5150 vert redusert med 2,5 mill. kr i 2017.

Med dei endringane som vert tilrådd no vert anslagsløyvingane auka med samla 2,9 mill. kr

1.7 Fondsavsetting

Det vert i denne saka lagt opp til ei samla fondsavsetjing på 29,625 mill. kr, til bruk i 2018. Dei enkelte avsetjingane er omtalt under dei aktuelle punkta i saka.

Vidare syner denne saka eit mindreforbruk i drifta på 7,239 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak auka rammetilskot og eit rimelegare lønsoppgjær enn føresett. Fylkesrådmannen tilrår å saldere mindreforbruket med avsetjing til bufferfondet.

1.8 Omdisponering av fondsmidlar

Disposisjonsfond er såkalla frie fond der avsetjingane er gjort ved bruk av «frie» inntekter. Desse fonda kan fylkestinget fritt omdisponere til andre føremål. Bundne driftsfond skal vere avsetjingar som er gjort av t.d. øyremerka tilskot som ikkje kan nyttast fritt av fylkestinget.

Fylkesrådmannen har hatt ein gjennomgang av alle disposisjonsfond, samt nokre bundne driftsfond. Det er gjort ei vurdering av om føremålet med avsetjinga framleis er gjeldande, om det føreligg krav om tilbakebetaling eller om fondsmidlane kan omdisponerast til andre føremål.

Gjennomgangen så langt syner at det kan omdisponerast om lag 8 mill. kr frå disposisjonsfond og om lag 2,4 mill. kr frå bundne driftsfond. Fylkesrådmannen meiner at på dei bundne fonda har fylkeskommunen oppfylt sine forpliktingar overfor ev. eksterne partar og at midlane kan stillast til disposisjon. I tillegg er enkelte avsetjingar på bundne fond blitt klassifisert feil i rekneskapen, dvs. avsetjinga skulle vore på eit disposisjonsfond. Tabellen under syner kva beløp og fond som no vert tilrådd omdisponert:

Balanskonto	Namn	Saldo pr. 1.11.17	Til disposisjon	Saldo etter omdisponering
25699901	Avsett renter til fylkesplan	1 714 404,82	1 714 404,82	-
25699912	Oppreisingsordning barnevern	73 648,38	73 648,38	-
25699913	Fylkesarkivet ubundne midlar	15 565,62	15 565,62	-
25699915	Driftsmidlar NA fri 4581	1 498 385,00	824 318,00	674 067,00
25699920	Fylkesvegar - investeringsløyving	3 880 000,00	3 880 000,00	-
25699924	Disposisjonsfond udisponerte midlar	793 643,59	793 643,59	-
25699943	Driftsmidlar plan og samfunn	642 415,06	642 415,06	-
	Sum disposisjonsfond	8 618 062,47	7 943 995,47	674 067,00
25199940	Statstilskot til regionale prosjekt	2 344 115,41	2 344 115,41	-
25199992	Tuberkulosefond	97 422,33	97 422,33	-
	Sum bundne fond	2 441 537,74	2 441 537,74	-
	Totalt	11 059 600,21	10 385 533,21	674 067,00

Fylkesrådmannen vil også framover gå igjennom andre fondskonti for om mogleg å frigjere meir fondskapital.

Då det i komande budsjett/økonomiplan er lagt opp til å finansiere store delar av investeringane med bruk av fond, meiner fylkesrådmannen det er naturleg at den frigjorte fondskapitalen vert

avsett til dette føremålet. Det vert difor tilrådd at midlane vert tilført bufferfondet som er eit av dei fonda som skal nyttast til investeringar. Skulle det seinare vise seg at det var feil å løyse opp noko av avsetjingane, vil det også vere bufferfondet vi må vere budde på å hente midlar frå.

2. Kapitalbudsjettet

2.1 Investeringsprogram for bygg

EK006 Aksjekjøp

Det vert vist til sak om «Medeigarskap i Sørvest ferge AS» som vert handsama av fylkestinget parallelt med denne saka. Fylkesrådmannen tilrår i saka at fylkeskommunen går inn som medeigar i Sørvest ferge AS. Dette medfører eit aksjekjøp på 1,056 mill. kr. Investeringsbudsjettet vert auka tilsvarande, finansiert med driftsmidlar til investering.

IU200 Utstyr

Jf. omtale under pkt. 1.6 - prosjekt IU200 vert auka med 2,425 mill. kr, finansiert med driftsmidlar til investering og meirverdikompensasjon på høvesvis 1,940 mill. kr og 0,485 mill. kr.

Som ein konsekvens av desse to tilrådingane vert investeringsprogrammet for bygg auka med 3,481 mill. kr til 311,276 mill. kr, med følgjande endring i finansieringsplanen:

- Driftsmidlar til investering vert auka med 2,996 mill. kr til 5,544 mill. kr.
- Kompensasjon for meirverdiavgift vert auka med 0,485 mill. kr til 26,046 mill. kr.

2.2 Sal av anleggsmidlar

I FU-sak 84/16 er det gjort vedtak om sal av fire fylkeskommunale bustadar i Hellebergvegen i Leikanger. Desse sala er no gjennomført og har gitt oss ei salsinntekt på samla 6,850 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår difor at vi aukar budsjetterte salsinntekter med 6,850 mill. kr. I tråd med vedtaket i FU vert salsvinst med fråtrekk for ev. omkostningar tilført kapitalfondet.

2.3 Lokale inntekter

Fylkesrådmannen varsla i tertialrapport 2/17 at det skulle arbeidast med å gjennomføre ei ekstraordinær generalforsamling i F1 Holding AS for å overføre mest mogleg av salsbeløpet frå nedsalet av Fjord1 AS.

Styret i selskapet har no lagt til grunn at det vert betalt ytterlegare 155 mill. kr i ekstraordinært utbytte i 2017. Fylkesrådmannen tilrår difor at utbytte vert auka med 155 mill. kr, med tilsvarande avsetjing til ubundne investeringsfond.